Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Amuletter

Oppskr. av: Sverre Aune

(adresse): Snevel pr. Steinkjær.

Fylke: N. Tr.

Herad: Egge

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Til Norsk Etnologisk Gransking.

Det er lenge sia eg hatt høve til å arbeide med emnelistene, så eg er kami reint i bakleksa. Men no har eg fått gjort istand dei fleste. Ja, i full stand er dei ikkje alle, for det er så mykje som er ukjent for folk. Derfor må eg hoppe over ein heil del spørsmål.

Såleis finder eg ikkje inn serskilt noe liste på emne nr. 43. om ringer og slikt til legedom og vern mot sjukdom.

Her kjenner ein berre til at somme har bori på seg (på arma) ein ring av kobbertrå som råd mot gikt.

Sp.mål 10 om breide belter av kobber- og sinkplater med filt i mellom, som vart lagt i eddik, og som dei bar på seg til råd mot gikt, er det einaste i denne emnelista som er kjent her. Desse belter vart kalla „elektriske-belter" og „styrkebelte". Eg minnes å ha sett eit slikt belte som barn 40-45 år sia.

11226